



Arkivnr: 2014/22850-2

Saksbehandlar: Karstein Oen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		13.11.2014

### Oversyn over tilsette med innvandrabakgrunn i HFK

#### Samandrag

I denne meldingssaka vert det lagt fram eit oversyn over tilsette med innvandrabakgrunn i Hordaland fylkeskommune basert på data frå Statistisk Sentralbyrå pr 4. kvartal 2013. Tala vert samanlikna med tal frå ei tilsvarande undersøking 4. kvartal 2011.

#### Forslag til vedtak

Administrasjonsutvalet tek meldinga til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Fylkesrådmannen, 04.11.2014

I sak 5/13 den 20.06.2013 la fylkesrådmannen fram ei meldingssak for administrasjonsutvalet med oversyn over tilsette med innvandrarbakgrunn i Hordaland fylkeskommune. Tala var basert på statistikk frå Statistisk Sentralbyrå over arbeidsstyrken med omsyn til etnisk tilhøyrighet.

Vi har no teke ut ny statistikk frå SSB over tilsette med innvandrarbakgrunn i Hordaland fylkeskommune. Talmaterialet er frå 4. kvartal 2013, to år etter første undersøking. Tala byggjer på første- og andre generasjonsinnvandrarakgrunn fordelt på to hovudgrupper av landbakgrunn: Landgruppe 1 (L-1) viser tilsette frå EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand (tidlegare kalla «vestlege land»). Landgruppe 2 (L-2) viser tilsette frå Asia, Afrika, Latin og Sør-Amerika, Oseania med unntak av Australia og New Zealand og Europa utanom EU/EØS (tidlegare kalla «ikkje vestlege land»).

Talet på tilsette med bakgrunn frå dei to landgruppene (L-1 og L-2) er 315 (274). Dette utgjer 6,8 % av arbeidsstyrken, ein auke på 0,8 % frå 4. kvartal 2011. Dei 315 tilsette fordeler seg med 162 (147) frå L-1 og 152 (127) frå L-2. Ser vi landgruppe 2 isolert er det positivt å merke seg at talet på tilsette har auka frå 127 til 152. Dette utgjer ein auke på 19,6 % frå 4. kvartal 2011.

Elles er det verd å merke seg at talet på tilsette i tannhelsetenesta med anna landbakgrunn enn etnisk norsk er på heile 12,7 %, herav 9,1 % frå landbakgrunn 2.

I opplæringssektoren er talet på tilsette frå landbakgrunn 2 på 101 tilsette. Dette utgjer 2,7 % av samla arbeidsstyrke. For fylkesadministrasjonen (inkl. eigedom drift) er talet på tilsette med anna landbakgrunn enn etnisk norsk på 10 personar (1 %), herav 5 frå landbakgrunn 2.

Konklusjon: Det har vore ei positiv utvikling i talet på tilsette med innvandrarbakgrunn i HFK sidan 4. kvartal 2011. Både i tannhelsetenesta og i opplæringssektoren har talet auka jamnt.